

Studentbarnavisa

Nr 3. 2017/2018



Vinter: Vatnet kan fryse til is i forskjellige former dersom det vert kaldt nok ute.

Sogndal Studentbarnehage
Dalavegen 10
6856 SOGNDAL

Kontor: 477 08 880

Måne: 480 31 132

Sol/ Stjerne: 480 64 858

E-post: sogndal.barnehage@sammen.no

Kort om stort og smått

Godt nytt år

Da håpar me alle har hatt fin jule og nyttårshelg og er klar for eit nytt semester og eit nytt arbeidsår.

Stadfesting av barnehageplass.

I slutten av februar vert det lagt ut skjema for stadfesting av barnehageplass her i Sogndal Studentbarnehage.

Dersom det er spørsmål i forbindelse med barnehageplass, ta kontakt med styrar på kontoret.

Generell informasjon

I samband med jul og nedvask sendte me med mykje bytekleder heim. Hugs derfor å ta med byteklede til barnehagen, og sjå etter at det er nok bytekleder.

Styrar

1.desember kom eg, Benedikte Brenden, tilbake frå foreldrepermisjon. Da hadde eg vore i foreldrepermisjon frå januar 2017. Trine har i tida frå januar til desember vore vikarierende styrar, men er no pedagogisk leiar på avdeling Sol.

Medverknad

Hugs at de har moglegheit til å påverke kvardagen i barnehagen. Er det noko de saknar, noko de vil forandre, noko me gjer for lite av, eller anna – gje oss tilbakemelding så skal vi sjå om vi ikkje kan legge ønskjer de har inn i våre planar.

Barnehagen skal reflektere og samarbeide med heimen om livssyn/ religion, tradisjonar og kulturarv, og det er viktig at de som foreldre kjem å fortel kva og korleis vi kan gjere dette.

For barnehagen er dette ein fin måte å få kjennskap til andre på, få anledning til å føle eit mangfald, som er nært og konkret.

Skulestart

Dei av dykk som har barn som skal starte i skulen til hausten må tenke etter kor dykkar barn skal skrivast inn. Barnehagen er behjelpeleg med å oppretta kontakt med den skulen barnet skal byrja i.

Planleggingsdag 2.februar

Personalet i barnehagen skal ha planleggingsdag fredag 2.februar, og barnehagen vert derfor stengt denne dagen.

Solfest

Fredag 16.februar vil vi markere at sola er tilbake i barnehagen. Då har vi ein kreativ barnehagedag med ulike aktivitetar (maling på store ark ute på vegg i barnehagen, sangleikar, dans og mykje anna moro), barna på alle avdelingane er blanda i grupper, dei voksne spelar skodespele om dronning Sol og kong Vinter. Sjå plakat på døra når tida nærmar seg.



Barnehagedagen 13.mars

I 2018 arrangerast Barnehagedagen tirsdag 13. mars. Tema er barnehagens arbeid med kunst, kultur og kreativitet under slagordet: «La meg skape!». Me vil derfor i slutten av februar starte å arbeida fram mot denne dagen.

Studentar/elevlar

Vi får 2 BLU student på avdeling Måne i veke 8-12. Ho var i praksis på Måne i haust, og heiter Guro Sylte Larsen. Srle er faga ho skal ha jobbe med den perioden. Student Susanne Kirkebø kjem i praksis i vekene 3,4,5 på avdeling Sol. Ho har fokus på fagområdet natur, helse og rørsle (NHR), og går Blu3 (deltid). På Måne kjem Hallvard Øfstaas tilbake i praksis. Han går vg2. på barne og ungdomsarbeidarfag, og skal vera på måne frå 26.februar til 23.mars 2018.

MyKid

Barnehagen skal på nyåret ta i bruk kommunikasjonsverktøyet Mykid. Me er no i gang med å teste ut appen, og vil nytte januar månad til at avdelingane blir kjende med kommunikasjonsverktøyet. Me har planar om at me i februar skal vera klare til å sende ut informasjon slik at foreldre kan laste ned appen for å ta den i bruk. Alle foreldre vil få eit skriv som fortel ein korleis ein lastar ned appen, og kort om korleis me har tenkt å nytte mykid. Når me tek i bruk mykid er tanken at all informasjon som f.eks studentbarnavisa, vekeplan og vekerapportar kjem på denne appen. Det fører til mindre bruk av papir, og me håpar òg at ein som foreldre opplever at det er enkelt å innhente informasjon om barnehagekvardagen og kva planar barnehagen/avdelinga har.

Anna

Vi minner om at det er flotte skibakkar både i Hodlekve i Sogndalsdalen og på Heggmyrane på Hafslo.

Begge skianlegga har skitrekk og lysløyper, og dei har ope alle helgar og nokon kveldar. For meir informasjon gå inn på deira nettsider, Sogndal skisenter.no og sognskisenter.no.

EVALUERING AV NOVEMBER OG DESEMBER, SOL OG STJERNE:

Første veka i november hadde 3BLU student overtakingsveke på avdeling Stjerne. Studenten var dyktig og hadde gode planar. Ho hadde og eit prosjekt med ei gruppe barn og avslutta det med å lage ein fin haustvegg med det barna hadde laga.


I november hadde me og siste prosjektdag med tema «vennskap» som gjekk på tvers på heile huset. Me hadde grupper både inne og ute med ulike aktivitetar, det var matlaging, forming, songstunder og tur. Me hadde vennskapssong og gode samtalar rundt det å vera venner.

I midten av november starta juleførebuinga på avdeling Sol og Stjerne. Me starta tidleg, slik at me skulle ha god tid til dette arbeidet. Me har kost oss med både peparkakebaking og julegåveproduksjon. Juleaktivitetane blei gjennomført i små grupper for halde god stemning og ro rundt desse. Adventstund hadde me kvar dag, der barna kvar sin gong fekk vera medhjelpar. Dei fekk halde songkort, vera nisse med nisselue på og henge opp hjerte i glaset. Og det vart tent lys, lese adventsvers og sunge fleire tradisjonelle julesongar. Barna gleda seg til adventstund og var stolte når dei fekk vera medhjelpar. Mange lærte seg og nye songar og song ivrig med i samlinga og elers iløpet av dagen. Spesielt songen «På låven sitter nissen» så den gjekk att i frileiken. I desember var alle og ein tur for å sjå på juletreea, peparkakebyen og ulike nissar i sentrum. Kjekt å sitte i vogn ilag.

Lucia markeringa var kjekt med fullt hus og fin stemning. Lucia markering med stor oppslutnad frå foreldre og høgtdsstemte barn, er eit høgdepunkt i desember. I forkant baka barna lussekattar og øvde flittig på luciasongen. Nissefesten var fin med mange nissejenter og nissegutar, nissegraut og fellessamling. Og alle fekk helse på «sjølvaste» nissen. Det var både spennande og for nokon kanskje litt skummelt. Men med eit vaksenfang gjekk det fint, og det var stas å få godtposar.

Nokre dagar i desember var det farleg glatt ute for dei aller minste. Då hadde me leikegrupper inne, barna kosa seg med aktiv leik på ulike madasser og med musikk.

Bursdagar: I november feira vi Patrick 1 år, hurra!



PLANAR FOR JANUAR OG FEBRUAR, SOL OG STJERNE:

TEMA PSYKISK HELSE:

Psykisk helse er satsingsområdet for barnehagane i Sogndal kommune dette barnehageåret som i fjor. Erfaringar ein gjer seg tidleg i livet har betydning for seinare psykisk helse. Tidleg omsorg dreier seg mykje om å hjelpe barn med følelsar. Som å bli møtt på følelsar og kunne sette ord på følelsar, er ein glad, sint redd osv. Lag på lag med god omsorg er grunnleggande både for at barnet skal få kontakt med og bli kjent med eigne tilstandar og følelsar, og for barnets samspel med andre. Omsorg er altså grunnlaget for både sjølvregulering og sosial utvikling. Det å kjenne seg stabilisert følelsemessig gir også det beste utgangspunktet for å ta til seg læring. (Tilknytningspsykologien) Dette er noko me tek med oss i arbeidet gjennom heile dagen og har fokus på når me arbeidar med tema/ grupper. (Sjå spesielt under tema eventyr). Og vi nyttar Samspelsmetoden Dialog. (Sjå s. 4 i årsplanen). «*Barna skal få støtte til å meistre motgang, handtere utfordringar og bli kjende med eigne og andre sine kjensler.*» Rammeplan s. 11

TEMA VINTER:

Vinteren er her, og barna har fått erfaring med både snø og is. I januar startar me med litt eksperimentering med vatn om det blir kaldt nok. At barna får sjå og kjenne at vatn blir til is, og at det kan bli fine is-skulpturar, også med ulike fargar på. Me fryser vatn i ulike former, der me brukar blant anna ballongar, mjølkekartongar og hanskar. Me syng vintersongar og har ulike formingsaktivitetar med tema vinter. Me prøver og å få nokre turar ut av barnehagen, i store eller små grupper. Sjå på vekeplanen kva dagar dette blir. Sjølv sagt tek me og spontane turar om dette passar.

TEMA EVENTYR:

Elles i januar og halve februar har vi tema eventyr og forteljartradisjon. Dette startar me opp med i veke 2. Barna blir delt inn i grupper etter alder. Gruppene får presentert eventyr etter modning og alder på ulikt vis. Eventyra blir fortalt ved å bruke ulike rekvisita for å skape spenning og betre forståing for kva som skjer. Sjå gruppeinndeling på vekeplan i gangen. Arbeidet med eventyr avsluttast med ei enkel framføring for dei andre gruppene og for avdeling Måne. Gjennom eventyra får barna ny næring til leiken og lærer ulike nye omgrep. Eventyret «*Dei tre Bukkane Bruse*» blir hovudfokus for dei minste. Og eventyret «*Geitekillingen som kunne telle til ti*» blir hovudfokus for dei eldste. Når me jobbar med eventyr og dramatisering tek me omsyn til kvart enkelt barn, som kva dyr vil dei vere, kva er spennande og kva kan

vera litt skummelt. Og barna skal kjenne at dei mestrar og at alle er viktige. Alle skal bli sett, kjenna seg trygge i gruppa og tørre å utfolde seg.

TEMA GUL VEKE:

Frå 12. til 16. februar har me gul veke. Me malar med sol fargane gult og oransje og barna lagar kvar si sol som me heng opp på avdelinga. Me et gul frukt som honningmelon, banan og gule eple. Fredag i veke 7 vert det Solfest ute i barnehagen, der me feirar at sola kjem tilbake etter mørketida og at dagane vert lysare. Aktivitetane ute vert maling, musikk/dans, songleikar og pynting av gjerdet. Me får besøk av Kong Vinter og Dronning Sol. Før me går inn kosar me oss med pølse i lompe og gul saft. På ettermiddagen slår me sola ut av sekken.

GRUPPER:

Me startar med 1 og 2 års grupper frå måndag 8. januar. Dei som er 2 år og blir 2 år i løpet av januar og februar er med på 2 års gruppa. Dei skal ha aktivitetar ute i barnehagen eller gå på tur. 1 års gruppa skal få utfolda seg inne med ulike fysiske aktivitetar. Her er det viktig å ha det kjekt ilag og fokusera på mestringsglede hos den einskilde. «*Barnehagen skal bidra til at barna opplever trivsel, glede, og mestring ved allsidige rørsleerfaringar, inne og ute , året rundt.*» Rammeplan s. 49.

FAGOMRÅDA:

Fagområda vi har ekstra fokus på i januar og februar er:

Språk, tekst og kommunikasjon:

For å kunne støtte dei minste barna i deira språkutvikling, må dei vaksne vere tilgjengeleg, og nær barna. Dei vaksne må vere medvitne om korleis ein bruker språket, og at ein heile tida er modell i dei små barna si språkutvikling. Slik vil me få til eit gjensidig samspel, og hjelpe og støtte deira måte å uttrykke seg på verbalt og nonverbalt. I tillegg til daglege relasjonar er tema eventyr ein flott måte å nå dette på med høgtlesing, songar, dramatisering og gjentaking.

Natur, miljø og teknikk:

Forandring i naturen, regn, snø, is, vind, undra oss saman, kva skjer?

Kunst, kultur og kreativitet:

Tema eventyr/drama, vinter og solfest med ulike formingsaktivitetar er knytt opp mot dette i denne perioden.

Nye songar i januar og februar:

- *Sjå opp snør det..
- *Kom vesle kvite snøfnugg..
- *Bustebartepinn.
- *På ein kvit bakketopp..
- *Huttetu så kaldt det er...
- *Reven og Rotta og Grisen...
- *Høgt opp i Lia
- Regla om «Snøkrystaller»

Songar til eventyr:














- *Lille Bukken Bruse
- *Når trollmor har lagt sin elleve små troll
- *Songar om dyra i eventyret «Geitekillingen som kunne telle til ti.
- *Eventyrvisa

Eventyrvisa:











Ja, kom alle sammen bli med. Vi flakser og bakser av sted til Eventyrland for å se på jøtuler, nøkker og nisser og troll og dverger i tusende fold. Vi danser og flyr gjennom eventyr, vi flakser og rir, vi synger og ler til Askaladden, til Pål og Per og Mumle Gåsegg, å tvi tvi tvi tvi. Og Tyrihans leker med gullhøna si, mens Smørbukken sitter fornøyd og blid og gomler så lat på sin skolemat, og Veslefrikk spiller for Tomme Tomme Tommeliten på fela si.



JANUAR 2018 SOL OG STJERNE

Veke	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
TEMA: Vinter  1	1	2 PLANLEGGINGS-DAG Bhg. stengt	3 Startar med vintersongar 	4	5 Varmmat: Sjå vekeplan
TEMA: Eventyr/ vinter  2	8 1-års gruppe: Fysisk aktivitet inne. 2- års gruppe: Uteaktivitetar eller tur	9  Avd.møte Stjerne	10 Eventyrstund Deler i grupper etter alder.	11 Eventyrstund Deler i grupper etter alder.	12 Varmmat: Sjå vekeplan
TEMA: Eventyr/ vinter  3	15 2BLU student på Sol i 3 veker 1-års gruppe: Fysisk aktivitet inne. 2- års gruppe Uteaktivitetar eller tur	16  Avd.møte Sol	17 Eventyrstund Deler i grupper etter alder. Feire Johan 3 år, hurra! 	18 Eventyrstund Deler i grupper etter alder.	19 Varmmat: Sjå vekeplan Feire Ingrid 2 år, hurra! 
TEMA: Eventyr/ vinter  4	22 1-års gruppe: Fysisk aktivitet inne. 2- års gruppe Uteaktivitetar eller tur	23  Avd.møte Stjerne	24 Eventyrstund Deler i grupper etter alder.	25 Eventyrstund Deler i grupper etter alder.	26 Varmmat: Sjå vekeplan Feire Sigrid 2 år, hurra! 
TEMA: Eventyr/ vinter  5	29 1-års gruppe: Fysisk aktivitet inne. 2- års gruppe Uteaktivitetar eller tur	30 Feire Signe og Anna 2 år, hurra!  Avd.møte Sol	31 Eventyrstund Deler i grupper etter alder		

FEBRUAR 2018 SOL OG STJERNE

Veke	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	
TEMA: Eventyr/ vinter  5				1 Eventyrstund Deler i grupper etter alder.	2 PLANLEGGINGS- DAG Bhg. stengt	
TEMA: Vinter/ gul veke  6	5 1-års gruppe: Fysisk aktivitet inne. 2- års gruppe, uteaktivitetar/ tur	6 Eventyrstund Deler i grupper etter alder. Avd.møte Stjerne		8 Framføring av eventyret «Geitekillingen» og «Bukkane Bruse»	9 Varmmat: Sjå vekeplan	
TEMA: Vinter/ gul veke  7	12 Gul veke Vi måler med gult og oransje, et gul frukt m.m. Bake solbollar, servering ved henting	13  Barna lagar kvar si sol Avd.møte Sol	14 	15 Feire Trygve 2 år, hurra! 	16 Solfest, sjå oppslag på døra Varmmat: Sjå vekeplan	
TEMA: Vinter  8	19 1-års gruppe: Fysisk aktivitet inne. 2- års gruppe uteaktivitetar/ tur	20 Avd.møte Stjerne	21 22 23 Vi nyttar uteområdet til Trudvang ein dag, (vinterferie der).			Varmmat: Vekeplan
TEMA: Vinter  9	26 1-års gruppe: Fysisk aktivitet inne. 2- års gruppe uteaktivitetar/ tur	27 Avd.møte Sol	28 			

Evaluering november og desember Måne

I starten av november hadde me for oss tema kjensler. Me tok utgangspunkt i fire kjensler i første omgang, glad, sint, trist og redd. Dette er kjensler alle kan kjenne på, og det er lov. Me deler kjenslene inn i raude og grønne tankar. Raude tankar er negative og vonde tankar, medan grønne tankar er tankar som er hjelpsame og som skapar glede og trivsel. Me har øvd oss på å setje ord på kva som får oss til å kjenne på dei ulike kjenslene, og kva me kan gjera for å endre dei raude til grønne. Dette temaet er nært knytt til det å ha venner og gode relasjonar.

I midten av november starta me med juleførebuing. Me starta tidleg, slik at me skulle ha god tid, og kjenne på at adventstida er ei tid for å røe ned tempoet. Me har kost oss med baking av lussekattar og pepperkaker, og ikkje minst juleverkstad. Me har hatt gode stunder med fin dialog og gode samtalar. Det har vore fine moglegheiter til å snakke om det å glede andre, som til dømes å lage ei gåve til nokon. I adventsstunda har me sunge kjente og kjære julesongar og høyrte historia om Magnuso og Erlando.

«Barnehagen skal leggje til rette for samhøyrslø og kreativitet ved å bidra til at barna saman skal oppleve og skape kunstnariske og kulturelle uttrykk.» Rammeplanen s. 50

Lucia-feiringa, med stor oppslutnad frå foreldre og høgtidsstemte barn, er eit høgdepunkt i desember. Det same er nissefesten med graut, fellessamling, nissebesøk og godteposar. I år fekk me eit langt brev frå nissekona, sida ho ikkje kunne vere med. Ho måtte vere heime med nisseungane sine, sida dei hadde vore so rampete. Kanskje det var ein av dei som var på besøk hjå oss?

Tradisjon tru får me invitasjon frå Meny om å vere med å lage pepperkakelandsby. Me bestemte oss for å lage ei vennskapslenke. Vennskap var tema me jobba med heile hausten, og som me har snakka mykje om. Barna stakk ut pepperkakegutar/jenter, malte dei og sette dei saman. Det vart forsterka med eit dikt om vennskap og utsagn barna kom med i forhold til temaet. Me vart kjempenøgde! Som takk vart me inviterte inn på frukost i Kafeen. Me oppførte oss so eksemplarisk at Nissen kom innom. Då vanka det song og julegodteri☺

I løpet av november og desember fekk me nett helsa på snøen. Akebakken vart brukt flittig dei få dagane det gjekk an. Etter kvart vart det mykje is, noko som gjorde at det vart ein del innetid.

Me har feira Azhaar 3 år, Susanna 3 år, Daniel 3 år og Olivia 4 år – HURRA!



Planar for januar og februar

Vinteren er her, og me håpar at snøen får liggje. Snø og is er element som høyrer vinteren til og gir barna ny inspirasjon til leiken. Me gjere forsøk med vatn, is og snø, og bruker isen og snøen til å forme ulike figurar. I Januar og februar startar me opp att med grupper, men no på måndagane. Me deler inn i 4 grupper, med ein fast vaksen på kvar gruppe. Me deler raud og blå gruppe i to. Me legg opp til dialogisk lesing og tema i gruppene blir relatert til eventyr. I denne perioden blir det ikkje faste tur dagar.

«I barnehagen skal barna få estetiske erfaringar med kunst og kultur i ulike former og organisert på måtar som gir barna høve til utforsking, fordjuping og progresjon.»
Rammeplan for barnehagen 2017, s. 50.

Eventyr

«Det var ein gang», slik startar alle eventyr. Det fortel oss at det som skjer, skjer utanfor tid og stad. I folkeeventyra møter me både troll og trollkjerringar, og dyr som snakkar og oppfører seg som folk. I januar er det eventyr som er tema. Eventyr er ein viktig forteljartradisjon som er med på å gi næring til språket og leiken. Me vil dele i blå og raud gruppe, og dei vil jobbe med ulike eventyr. Blå gruppe jobbar med «Snøklokka og snøen som fekk farge» og raud gruppe jobbar med «gullhår og dei tre

bjørnane». Me formidlar eventyr med høgtlesing, bruk av flanellograf og dramatisering. Når barna har vorte godt kjend med eventyret, får dei vere med på å dramatisere dersom dei vil. Temaet blir avslutta med at me viser dramatiseringa til Sol og Stjerne.

Gul veke

I veke 7 er det «gul veke», og me feirar at sola har komme tilbake i bygda. Fargane gul, oransje og raud er i fokus. Me pyntar avdelinga med soler me lagar, og et honningmelon, gule eple, banan og gulrøter til frukt. Det heile endar med ein solfest, der me er ute heile dagen. Me får besøk av Kong Vinter og Dronning Sol, har aktivitetar der me maler solbilde, dansar etter musikk, songleikar og pyntar barnehagen med solstrålar. Til lunsj har me pølser med brød og gul saft, og avsluttar med å slå sola ut av sekken.

Student/elev

I veke 8 kjem Guro S. Larsen tilbake i praksis på Måne. Ho var hjå oss i haust og er 2 blu student ved HVL. Ho skal vere hjå oss fram til og med veke 12. Ho har ulike oppgåver som må gjerast i praksis, og det vil vera delar eller heile gruppa som deltek på desse.

I veke 9 til og med veke12 kjem Hallvard Øfstaas tilbake i praksis hjå oss. Han var her i haust og går barne- og ungdomsarbeider ved Midt-Østerdal Vgs.

Melding heim

Me ønskjer fortsatt at de sjekkar korgene med jamne mellomrom. Pass på at det er bytekke som høver årstida, og som er rett størrelse. Me vil at det skal vere 2 sett av sokkar, truser, bukser, genserar/ulltrøyer og stillongs. Hugs òg å sjekke dressar og regnbukser for strikkar til å ha under skoa. Er dei på plass, er barna tørre og varme over lengre tid og utetida blir ei positiv oppleving.

Dagane det er varmmat er det kun naudsynt å ha med ekstra mat dersom de ønskjer at barnet dykkar skal ete på ettermiddagen, og om de er usikre på om barnet et det me serverer. Gi oss gjerne ein lyd om det er tilfelle 😊

Lurer de på noko, ta gjerne kontakt.

Direkte tlf.nr på. Måne : 480 31 132

Me har hatt nokre utfordringar med telefonen vår. Viss de ikkje kjem gjennom, kan de ringe på

kontoret: 90161334 eller

sol/stjerne: 48064858

Helsing personalet på Måne

Nokre av sangane me syng i januar og februar

- Eventyrvisa
- Januar/februarsangane
- Det snør, det snør
- Sjå opp snør det
- bustebartepinn

Januar

V	Mandag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
1	1 1.Nyttårsdag Bhg stengt	2 Planleggings- dag Bhg stengt	3	4	5 Varm mat Førskulegruppe
2	8 Grupper – dialogisk lesing Ei gruppe ute	9 Inneleik/uteleik Møtedag	10 Eventyr Feire Hilde 3 år 31/12 	11 Eventyr	12 Varmmat Førskulegruppe
3	15 Grupper – dialogisk lesing Ei gruppe ute	16 Inneleik/uteleik Møtedag	17 Eventyr	18 Eventyr	19 Varmmat Førskulegruppe
4	22 Grupper – dialogisk lesing Ei gruppe ute	23 Inneleik/uteleik Møtedag	24 Eventyr	25 Eventyr	26 Varmmat Førskulegruppe
5	29 Grupper – dialogisk lesing Ei gruppe ute	30 Inneleik/uteleik Møtedag	31 Eventyr		




Eventyr

Eventyr

Eventyr

Eventyr

Februar

V	Mandag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
5				1 Eventyr	2 Planleggings- dag Bhg. stengt
6	5 Grupper – dialogisk lesing Ei gruppe ute Lèja 6 år 	6 Inneleik/uteleik Møtedag	7 Framvising eventyr	8 Framvising eventyr	9 Varmmat Førskulegruppe
7	12 Bake fastelavns- bollar, servering ved henting ☺	13 Julia 5 år  Møtedag	14 Tur Sara 6 år 	15 Me feirer Lèja, Sara og Julia sine bursdagar! 	16 Solfest 
8	19	20 Inneleik/uteleik Møtedag	21 Tur	22	23 Varmmat Førskulegruppe
9	26	27 Inneleik/uteleik Møtedag	28 Tur		

Eventyr

Eventyr

Gul veke

Vinter

Vinter

sammen

Studentsamskipnaden på Vestlandet
Parkveien 1, 5007 Bergen
www.sammen.no